



Årsmelding 2004

VISJONEN:

«Lotteritilsynet skal fremje ei sunn utvikling i spel- og lotterimarknaden, og medverke til ei forsvarleg fordeling til det frivillige og humanitære Norge».



Åge Steinset, «Bakspark».

# Innhald

Eit krevjande år	4
Lotteritilsynet sine oppgåver	7
Framleis sterk omsetnadsauke	9
Auke i pengespel på Internett	11
Nærare 2000 brot på lov og forskrifter	12
Garantistane på Hamar	13
800 800 40 – nummeret som reddar liv	14
Internasjonale møtepunkt	15
Tiltak mot speleavhengigheit	17
Ulovlege pyramidar, eller lovleg nettverkssal?	19
Uavklart om gevinstautomatar	20
Rekneskapen for 2004	22
Kjønnsbalanse	25
Ny oppgåve frå 2005	26
Kunsten i årsmeldinga	27

*Framsidedeilete:*  
*Elsa Eikaas,*  
*Myklebust Kunst & Handverk,*  
*«Lysning»*

# Eit krevjande år

**2004 var eit svært hektisk og arbeidskrevjande år for Lotteritilsynet. Førebuinga av automatreforma, som inntil vidare er utsett, kravde tunge ressursar i Lotteritilsynet i 2004.**

**I tillegg har året vore prega av eit tungt fokus på pyramidespel som mange nordmenn har tapt store pengar på. Lotteritilsynet har også dette året slått ned på utanlandske, internettbaserte spelselskap som med jamne mellomrom prøver å marknadsføre seg ulovleg i Norge.**

**Ein viktig milepæl i året som har gått, var overleveringa av handlingsplanen mot speleavhengigheit til Kultur- og kyrkjedepartementet. Vi var og svært glad for at Regjeringa avgjorde at vi frå 1. januar 2005 også skal ha tilsyn med stiftelsane i Norge.**

Kvardagen i Lotteritilsynet i 2004 var sterkt prega av eit vedtak som Stortinget gjorde sommaren 2003. Lotterilovgjevinga vart då endra for å styrke innsatsen mot dei negative, sosiale konsekvensane av spel med pengar. Ein rapport viste at rundt 50.000 nordmenn har speleproblem, og at spel på gevinstautomatar er det store problemet.

Hovudelementet i stortingsvedtaket var å gi einerett til Norsk Tipping til å drive nye og færre gevinstautomatar, og utfasing av den private automatmarknaden frå 1. januar 2005. Oppdraget med å førebu, og å få dette vedtaket sett ut i livet, gjekk til Lotteritilsynet. Parallelt fekk vi oppgåva med å behandle søknader frå lotteriverdige organisasjonar om kompensasjon for at dei ikkje ville få inntekter frå gevinstautomatane i 2005. Tilsynet behandla i løpet av eit halvår over 2.000 søknader om kompensasjon frå det frivillige Norge.

Det er ei kjent sak nå at det ikkje gjekk slik Stortinget føresette. Gjennomføringa av vedtaket er no utsett til 30. juni 2005 i påvente av ei endeleg, juridisk avklaring om stortingsvedtaket om innføring av einerett for Norsk Tipping er i strid med EØS-lovverket.

Automatsaka er eit godt døme på at å setje ut i livet nye, nasjonale lover, vedtekne med overveldande fleirtal i Stortinget, ikkje er så enkelt som ein skulle tru når mektige interesser set alle krefter inn på å prøve ei lov opp mot overnasjonal juss. I 2005 vil ein venteleg få ei endeleg avklaring av denne saka.

Utviklinga av automatsaka utover i 2004 viste og kor viktig det er at Lotteritilsynet er i stand til å kaste seg om og innrette seg dynamisk når verda endrar seg. Då Regjeringa heilt mot slutten av året utsette innføringa av

eineretten til 30. juni 2005, var det vår oppgåve å informere heile spektret av aktørar i automatmarknaden om endringa. Eg er stolt over ein organisasjon som kan snu seg så raskt som vi har gjort i denne saka.

Det er elles grunn til å vere uroa over at pyramidefenomenet spreier seg med stor fart i landet vårt. Mange blir blinda av vakre ord om å tene pengar på luftige, nettbaserte pyramidespel. Lotteritilsynet har i fleire år vore klar på at det er behov for å trekke opp klarare grenser i lovverket mellom lovleg sal av varer over internett og pyramidekonstruksjonar. Difor er vi glad for at statsråden mot slutten av året sette i verk eit omfattande arbeid med tanke på å styrke lovverket på dette området.

Vi har i 2004 motteke søknader frå utanlandske spelselskap om å etablere seg i Norge. Søknadene er avviste, fordi gjeldande lovverk ikkje tillet slike selskap å etablere seg i landet vårt.

Styresmaktene har merka eit stadig aukande press frå utanlandske, nettbaserte bettingselskap, også når det gjeld ulovleg marknadsføring i norske medieorgan. Dette har vi og slått ned på, og vi vil halde fram med å ha eit skarpt blikk på desse selskapa i åra som kjem.

Om lag 50.000 nordmenn slit med problematisk speleåttferd. I 2004 har Lotteritilsynet leia eit arbeid som på slutten av året munna ut i eit framlegg til ein handlingsplan. Planen vart overlevert til statsråd Valgerd Svarstad Haugland i Kultur- og kyrkjedepartementet. Framlegget til handlingsplan skisserer fleire tiltak for å førebyggje det samansette problemet speleavhengigheit. Hovudmålet er at kunnskapsgrunnlaget om pengespel og pengespelproblem skal aukast gjennom meir forskning, tiltak skal setjast i verk



Foto: Olav Øygaard

for at færre skal utvikle problem og det blir føreslege tiltak for at omfanget av skader frå speleproblem skal reduserast.

I året som har gått avgjorde Regjeringa at den offentlege kontrollen og tilsynet med stiftelsar skulle overførast frå fylkesmennene til Lotteritilsynet frå 2005. Med etableringa av Lotteri- og stiftelsestilsynet frå 1. januar 2005 har vi fått nok eit bein å stå på. På sikt skal avdelinga for stiftelsar ha 10 tilsette, noko som er ei viktig tilførsel av kompetansearbeidsplassar til distrikts-Norge.

Atle Hamar  
Direktør

►► Bingobransjen må betale meir til organisasjonslivet frå 2005 enn tidlegare. Det er den viktigaste endringa i dei nye bingoforskriftene, utarbeidde av Lotteritilsynet i 2004. Bingoarrangørar må nå betale minst 15% av netto omsetnad på hovudspelet til den lotteriverdige organisasjonen som bingoen må vere knytta opp mot.



*Gouache av Toralf Flatjord.*

# Lotteritilsynet sine oppgåver

**Lotteritilsynet skal føre tilsyn og kontroll med den samla, lovlege lotteri- og pengespelverksemda i Norge, det vil seie alle private lotteri og dei statlege spela til Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.**

Vi skal og overvake pengespelområdet og slå ned på aktørar som i strid med lovverket prøver å etablere seg i Norge.

Pengespel og lotteri er i utgangspunktet forbode i Norge, men det er opna opp for legalisering gjennom tre lover. Dei statlege spela (Norsk Tipping, Norsk Rikstoto) er regulert av høvesvis Lov om pengespel og Lov om veddespel ved totalisator. Dei private lotteria er regulerte av Lotterilova. Det overordna kravet er at deler av inntektene skal gå til eit humanitært eller samfunnsnyttig føremål.

Lotteritilsynet har det totale forvaltingsansvaret for dei private lotteria, som til dømes gevinstautomatmarknaden, bingobransjen og landslotteria. Alle organisasjonar som skal drive lotteriverksemd må godkjennast av Lotteritilsynet ut frå Lotterilova.

Vi autoriserer også aktørane som organisasjonane knyter til seg, som t.d. eigarar av gevinstautomatar og lokalinnehavarar.

Dei tekniske innretningane på alle typar lotteri er regulert av forskriftene til Lotterilova. Vår oppgåve er å godkjenne at lotteria og spela held seg innafør desse forskriftene, mellom anna ut frå omsynet til å verne spelarane mot uheldig speleåtferd. Lotteritilsynet har ei viktig oppgåve i å bidra til ei forsvarleg utvikling av lotteri- og pengespeltilbodet i Norge for å avgrense skadeverknadene og forebygge uheldig speleåtferd.



Lotteritilsynet er direkte plassert under Kultur- og kyrkjedepartementet, og vi blir tildelt oppgåver ved kvart nytt budsjettår. Tilsynet er og departementet sitt fagorgan på lotteri- og pengespelområdet. Ei viktig oppgåve i den samanhengen er utarbeiding/justering av forskrifter, og innspel i samband med lovendringar. Frå 1. januar 2005 har vi også fått oppgåva med å føre tilsyn og kontroll

av stiftelsane i Norge, og vi endra difor namn til Lotteri- og stiftelsestilsynet frå årsskiftet.

►► Lotteritilsynet har i 2004 evaluert fire, norske prøvekonsesjonar for spel på Internett og andre elektroniske kanalar. Konklusjonen er at det bør opnast opp for eit permanent, forskriftsregulert og kontrollerbart tilbod, der det m.a. skal leggjast vekt på omsynet til uheldig speleåtferd. Prøveperioden gjekk ut ved årsskiftet, men er nå forlenga til 30. juni 2005. Deltakarar i den avgrensa perioden har vore Norsk Tipping, Norsk Rikstoto, Tivoli.no og SMS Jackpot.



Tor Olav Foss, «Blå katedral».



# Framleis sterk omsetnadsauke

Også i 2004 auka omsetnaden på norske pengespel og lotteri frå føregående år. Førebelse tal frå Lotteritilsynet tyder på at det i fjor vart omsett for brutto om lag 41 milliardar kroner. I 2003 var omsetnaden på 37,5 milliardar<sup>1</sup>.

Omsetnaden i 2004 betyr at kvar innbyggjar i gjennomsnitt brukte 8 900 kroner på pengespel. Når gevinstane er trekte frå, la nordmenn i fjor igjen 11,5 milliardar kroner på pengespel. Dette nettotalet utgjer 2 500 kroner per innbyggjar.

Innsats på utanlandske nettstader kjem i tillegg til dette. For 2004 estimerer vi at nordmenn spelte for om lag 1,8 milliardar på utanlandske nettstader.

Lotteritilsynet har enno ikkje kartlagt kor mykje av spel- og lotteriinntektene som gjekk til humanitære og samfunnsnyttige formål i 2004.

Frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har vi fullstendige tal. Norsk Tipping sin brutto omsetnad for eigne spel er litt redusert gjennom 2004 (-1 prosent). Omsetnaden vart 8,8 milliardar kroner i 2004. Norsk Rikstoto hadde ein auke på 9 prosent, og hadde ein omsetnad på vel 2,6 milliardar kroner.

Vi har også endelege tal for Extra, tivoli.no og SMS.Jackpot.

Talspelet Extra reduserte brutto omsetnaden med 1% til 812 millionar kroner.

Internettspelet tivoli.no hadde ein omsetnad på nær 22 millionar kroner i 2004, medan SMS-lotteriet SMS.jackpot omsette for vel 2 millionar kroner. Desse spela har prosentvis hatt ein forholdsvis stor auke frå 2003 til 2004. At auken er større for brutto enn netto omsetnad skuldast hovudsakleg endringar i speltilbodet på tivoli.no, der ulike spel har ulik gevinstprosent.

Tala for resten av den private marknaden er førebelse estimat. Lotteri- og stiftelsestilsynet har hatt kontakt med ei rekkje av dei sentrale aktørane og fått innrapportert nøkkeltal for ein del av omsetnaden.

Gevinstautomatane har også i 2004 hatt ein større vekst, sjølv om veksten no er mindre enn den var i 2003. Vi har innhenta tal frå 29 entreprenørar som samla hadde vel 13 300 automatar



## Spel- og lotterimarknaden 2004

	Millionar NOK		Millions EURO <sup>2</sup>	
	Brutto oms.	Netto oms.	Gross turnover	Expenditure
Norsk Tipping (eigne spel) <sup>3</sup>	8 805	4 200	1 052	502
Rikstoto	2 623	902	313	108
Talspelet Extra	812	406	97	49
Automatar *	26 300	5 000	3 140	600
tivoli.no/SMS.jackpot <sup>4</sup>	24	4	3	0,5
Lotteri (eksklusiv Flax) *	600	500	70	50
Bingo *	1 800	500	220	60
Totalt	41 000	11 500	4 890	1 370
Per innbyggjar <sup>5</sup> (avrunda) Per capita	8 900	2 500	1 100	300

\*) Estimert. Estimert omsetnad i NOK er runda av til næraste 100 million, og i EURO til næraste 10 million.

Tabellen viser brutto og netto omsetnad. Brutto omsetnad er samla innsatsbeløp<sup>6</sup> frå spelarane. Netto omsetnad er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinst er utbetalt. Nettoen blir fordelt mellom formål og aktørar (t.d. lag og organisasjonar, entreprenør, operatør, lokalinnhavar eller kommisjonær).

<sup>1</sup> Årsstatistikken for 2003.

<sup>2</sup> Noregs Bank, Årsgjennomsnitt av midtkursar 2004: 8,3715

<sup>3</sup> I beløpet inngår omsetnad frå gevinstautomatane som Norsk Tipping hadde utplassert i pilotprosjekt veke 35 til 49. Brutto omsetnad utgjorde 5 millionar.


<sup>4</sup> Omsetnaden til tivoli.no er 21,9 mill brutto og 3,0 mill netto. For SMS.jackpot hhv. 2,4 mill og 0,9 mill.

<sup>5</sup> SSB, per 1. juli 2004: 4 589 608

<sup>6</sup> For automatar innbetalt innsatsbeløp, ikkje medrekna verdi av gjenspel der gevinst ikkje først er utbetalt.

► Like reglar på sjøen som på land frå 2005. Det er hovudinnhaldet i ei ny forskrift for pengespel ombord i rutebåtar som går mellom norske og utanlandske hamner. For å få løyve til å arrangere lotteri er det eit generelt krav i Lotterilova at ein lotteriverdig organisasjon skal ha deler av overskotet Reiarlaga har vore unnateke dette kravet. Dei reiarlaga som i dag tilbyr lotteri på båtane har eitt år på seg til å tilpasse seg den nye forskrifta.

## Spel og lotteri – prosentvis del av omsetnaden, år 2004



utplassert ved siste årsskiftet. For resten av marknaden er det gjort ei framskriving basert på 2003-tal. Ved siste årsskiftet var det registrert 17 654 løyve til gevinstautomatar i Lotteriregisteret.

Lotteri- og stiftelsestilsynet bereknar brutto omsetnad frå gevinstautomatar til 26,3 milliardar kroner i fjor. Dette er ein auke på 3,5 milliardar kroner samanlikna med estimatet vårt for 2003. Samanlikna med 2003 utgjør auken 15 prosent, noko som er mindre enn for 2003, då auken var på 48 % i høve til 2002.

Entreprenørane har tidlegare oppgitt ei rekke forklaringar til auken: Mellom anna nye automatar, skifta oppstillingsstader og tettare oppfølging. Ei av årsakene til vekst også i 2004 er at entreprenørane no har hatt effekt av endringar gjennom eit heilt år. Også i 2003 blei det sett ut nye automatar.

Netto omsetnad har også vakse med om lag ein halv milliard kroner, eller om lag 11 prosent. Der vi estimerer omsetnaden, har vi lagt til grunn same auke som for dei vi har innhenta tal frå<sup>89</sup>.

For bingo og andre lotteri har Lotteritilsynet enno ikkje innhenta tilstrekkeleg talmateriale til å gi eit presist oversyn for omsetnaden. Frå sentrale aktørar har vi fått inn tal og

synspunkt som vi brukar i framskriving av 2003-tal.

Bingo med og utan entreprenør hadde i 2003 ein samla omsetnad på 1,9 milliardar kroner, medrekna sidespel. Vi reknar med at omsetnaden gjennom 2004 har gått noko ned. Også for lokale/regionale lotteri og landslotteri reknar vi med at marknaden har hatt ein liten reduksjon.

## Utviklinga

	2003		2004		Endring	
	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.
Norsk Tipping (eigne spel)	8 921	4 140	8 805	4 200	-1%	1%
Rikstoto	2 414	810	2 623	902	9%	11%
Talspelet Extra	822	411	812	406	-1%	-1%
Automatar*	22 789	4 510	26 300	5 000	13-17%	9-13%
tivoli.no/SMS jackpot	13	3	24	4	88%	32%
Lotteri (eksklusiv Flax)*	631	521	600	500	noko nedgang	
Bingo*	1 919	531	1 800	500	noko nedgang	
<b>Totalt*</b>	<b>37 509</b>	<b>10 926</b>	<b>41 000</b>	<b>11 500</b>	<b>9%</b>	<b>5%</b>

\* Deler av omsetnaden er estimert og avrunda til næraste hundre million for år 2004.

<sup>7</sup> 71 prosent av brutto omsetnad er innrapportert. Resten er estimert med gevinstprosent 80,9.

<sup>8</sup> 85 prosent av netto omsetnad er innrapportert. Uendra netto omsetnad i estimert del ville gitt total netto på 4,9 mrd.

<sup>9</sup> Større vekst i brutto- enn netto omsetnad skuldast noko høgare gevinstprosent i 2004 (80,9) enn i 2003 (80,2).

Samla gevinstprosent i innrapporterte tal blir nytta i framskriven omsetnad eller der vi berre har innrapportert netttotal.

# Auke i pengespel på Internett

**For 2004 estimerer Lotteritilsynet at nordmenn satsa om lag 2.4 milliardar kroner på pengespel over Internett. Dette gjeld spel på både norske og utanlandske nettstader.**

Til grunn for estimatet ligg berekningar på kor mange som spelar pengespel over Internett, kor ofte dei spelar og kor mykje dei satsar. Informasjon om dette får vi gjennom kvartalsvise målingar som Opinion gjennomfører for oss.

Kvar gong vert 1 000 personar (18 år og eldre) spurde. Totalt for 2004 har 4,3 prosent svart at dei har spelt pengespel på Internett det siste året<sup>1</sup>.

Omrekna utgjer dette 152 000 personar. Feilmarginen er pluss / minus 22 000 personar noko som i berekna omsetnad utgjer pluss / minus 400 millionar kroner.

Reell omsetnad på dei norske nettstadene var i fjor på rundt 550 millionar kroner. I høve til vårt estimat spelte nordmenn for om lag 1,8 milliardar kroner på utanlandske nettstader, som er ein auke på 400 millionar kroner frå estimatet for 2003.

Vi vurderer estimatet til å vere nøkternt. Omsetnaden på dei lovlege norske nettstadene har reelt auka med 45 prosent, medan auken i vårt estimat for den utanlandske marknaden utgjer om lag 30 prosent.

I flg. våre undersøkingar er talet på spelarar forholdsvis stabilt frå 2003. Det same er frekvensen for kor ofte ein spelar. Men innsatsen har auka.


Dei fleste spelar anten på norske eller utanlandske nettstader, og i 2004 oppgir om lag like mange å ha spelt på norske som på utanlandske. 10 prosent oppgir å ha spelt både på norske og utanlandske nettstader.

Dei tre norske nettstadene er Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og tivoli.no. I flg. målingane spelte flest på Norsk Tipping (48 prosent). Færre spelte på Rikstoto og tivoli.no (høvesvis 8 og 2 prosent).

I følgje dei spurde er det framleis Centrebet som har flest norske spelarar blant utanlandske aktørar. Her oppgir 24 prosent å ha spelt. Unibet hadde 15 prosent av spelarane og 9 prosent oppgav Expekt. 11% sa dei hadde spelt på WGI.

I løpet av eit kvartal spelte 39 prosent av nettspelelarane 13 gonger eller meir på Internett. 11 prosent spelte frå 6 til 12 gonger, og 33 prosent spelte frå ein til fem gonger. Totalt spelte nettspelelarane 12,5 gonger i gjennomsnitt i kvartalet, noko som tilsvarar om lag 1 gong i veka.

9 prosent satsa meir enn 500 kroner siste gongen dei spelte. 45 prosent satsa mellom 100 og 500 kroner og 44 prosent oppgav at dei spelte for mindre enn 100 kroner. Gjennomsnittleg innsats var 322 kroner. Tilsvarande innsats var 226 kroner i 2003.



<sup>1</sup> Vi har då utelukka frå datagrunnlaget medlem av T5PC og medlemmer i WGI som etter kontrollspørsmål likevel ikkje hadde spelt. Før justering var andelen 4,5%.

# Nærare 2000 brot på lov og forskrifter

## Også i 2004 avdekkja Kontrollseksjonen i Lotteritilsynet brot på Lotterilova og forskrifta som gjeld oppstilling av gevinstautomatar i butikkar, kioskar og spelehallar.

Inspektørane i Lotteritilsynet slo ned på totalt 1954 brot på Lotterilova og forskriftene som regulerer dei private lotteria i Norge. Av dette var det 1792 pålegg som galdt retting av gevinst- og underhaldningsautomatar der det var ulike, formelle manglar ved løyva. Dette er ein auke i forhold til 2003 på 550 pålegg. I tillegg vart 71 gevinstautomatar og 54 underhaldningsautomatar pålagt stengde av Lotteritilsynet i 2004. Fem gevinstautomatar vart beslaglagde av politiet på grunn av grove brot på lover og forskrifter.

Kontrollen av at 18-årsgrensa for spel på

Lotteritilsynet påla stenging av 71 ulovleg oppstilte gevinstautomatar i 2004.

gevinstautomatar blir fylgt, avdekkja 24 tilfelle av brot på aldersgrensa. Lokalinnehavarane får i slike tilfelle pålegg om å skjerpe kontrollen, og dei risikerer å miste autorisasjonen dersom brot på aldersgrensa blir avdekkja fleire gonger. Ingen mista autorisasjonen i 2004. Det må understrekast at talet på spelarar som bryt aldersgrensa sannsynlegvis er langt høgare, fordi våre kontrollar er utførte som stikkprøver. Kontrollkapasiteten i forhold til talet på oppstillingsstader og talet på automatar, gjer det umogleg til ei kvar tid å overvake alle automatar. Det ligg såleis eit tungt ansvar for lokalinnehavarane å sjå til at aldersgrensa blir halden. I Norge er det i dag rundt 17.500 godkjende oppstillingsløyve for gevinstautomatar.

Det var i politidistrikta Oslo, Sør Trøndelag, Agder og Romerike dei fleste brota på lover og forskrifter skjedde.

I 2004 avdekkja Lotteritilsynet også mangelfulle lotteriløyve på nokre tivoli. Seks ulovlege tivolilotteri vart stengde.

Kontrollseksjonen deltok i 2004 på sju tverretatlege kontrollar saman med m.a. politiet, skatte-etaten og toll-etaten. Fem av desse kontrollane var i Oslo politidistrikt.



» Norsk Telegrambyrå, Dagens Næringsliv og Verdens Gang hadde flest oppslag om Lotteritilsynet og spelemarknaden i 2004.

## Kontroll Norsk Rikstoto

Lotteritilsynet innførte i 2004 elektronisk kontroll av Norsk Rikstoto sine totalisatorspel. Dette er ein såkalla revisjonskontroll i etterkant av spela, der vår oppgave er å sjå til at rette vinnarar blir utpeika og at utbetalingar, odds og omsetnad er korrekte. Det vart ikkje funne feil eller avvik ved dei over 18.000 revisjonskontrollane av Norsk Rikstoto i 2004.

Kontrollseksjonen gjennomførte i tillegg 14 kontrollar av Norsk Rikstoto på alle baner som køyrer løp med totalisator. Her kontrollerer ein at arrangementa blir gjennomførte i samsvar med spelereglar og løpsreglement. Ingen avvik vart påviste i 2004.

## Garantistane på Hamar



Konsulentane Eva Andreassen og Wenche R. Aaslund saman med seksjonsleiar Kaare Sveen ved kontrollseksjonen vår på Hamar.

**Lotteritilsynet kontrollerer at kvar einaste trekking og kvart einaste resultat i Norsk Tipping sine spel er korrekte. Kontrollseksjonen på Hamar er dermed spelaren sin garantist for at både premien er korrekt og at den går til rett vinnar.**

Norsk Tipping fullførte i 2004 overgangen til fullstendig elektronisk trekking, ved hjelp av ein server, med unntak for spelet Extra.

Tidlegare er trekkingane gjennomført ved at ein tilfeldig talstrøm vart lagra på såkalla zip-diskettar. Denne talstrømen danna så grunnlaget for trekkinga av dei ulike spela. Metoden kravde ein viss grad av manuell behandling som alltid fører med seg ein viss tryggleiksrisko, i tillegg til at metoden var tidkrevjande. Dette er hovudgrunnen til at Norsk Tipping gjekk over til full-elektronisk servertrekking i 2004.

Trass i den teknologiske utviklinga, og trass i at Norsk Tipping har eigne kontrollsystem, er det like stort behov for å ha uavhengige kontrollsystem for å overvake at det ikkje oppstår feil. Desse kontrollsystema blir overvaka av seksjonen vår på Hamar, som har seks tilsette.

I 2004 gjennomførte seksjonen totalt 3.087 kontrollar i eit konsern med ein brutto omsetnad på 9.6 milliardar kroner.

Både Norsk Tipping og Lotteritilsynet er avhengige av å ha sikre system for å ha tillit blant folk flest, blant spelarane og i overordna styringsorgan. Difor vart det i 2004 gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse(ROS) av kontrollverksemda, utført av Norconsult. Analysen konkluderte med at det ikkje vart gjort kritiske funn ved kontrollverksemda, noko som vi ser på som ein viktig dokumentasjon på at kontrollen er sikker.

# 800 800 40 – nummeret som reddar liv

«Hjelpelinja har utan tvil redde liv». Denne tilbakemeldinga frå ein behandlar av speleavhengige talar sitt tydelege språk: Hjelpelinja er eit viktig tilbod for å hjelpe dei mange som opplever at pengespel er i ferd med å øydelegge familiar og ruinere økonomien.

Hjelpelinja er nå etablert som eit fast hjelpetilbod til speleavhengige, etter at prosjektperioden gjekk ut ved årsskiftet. Ei evaluering som Lotteritilsynet gjorde av prosjektet hausten 2004, konkluderte med at tilbodet har hjulpt svært mange. Frå Hjelpelinja opna i april 2003 og fram til utgangen av 2004, tok rusmiddelavdelinga ved Sykehuset Innlandet, Sanderud, som betjener Hjelpelinja, mot 4.500 telefonar frå menneske med behov for hjelp. Såkalla useriøse telefonar og feilringingar er ikkje med i dette talet.

Hjelpelinja har som målsetnad å hjelpe menneske i krise, gjennom direkte samtalar med innringarane. Dei er anten speleavhengige sjølv, eller nære pårørande. Ved å ringe Hjelpelinja får mange hjelp der og då, men mange får og hjelp med å ta kontakt med behandlarar i den regionen dei ringjer frå. I tillegg får innringarane informasjon om sjølvhjelpsgrupper for speleavhengige og støttegrupper for pårørande som er etablert rundt om i landet.

Tala frå 2004 viser at 60 prosent av samtalaner kjem frå spelarar, 29 prosent frå pårørande og vener. Rundt 75 prosent av innringjarane er menn.



Hjelpelinja blir betjent av helsepersonell i turnus ved rusmiddelavdelinga ved Sykehuset Innlandet HF, Sanderud, i Hedmark. Frå venstre Kristin J. Østberg, Bjørg Sørensen, Catrine Aas Hansen, Øystein Bjørke Olsen, dagleg leiar Thore Paulsen, Anne Cathrine Eidissen, Solbjørg Rønbeck, Torstein Bårdseng og Turid A. Gulbrandsen.

Heilt sidan etableringa i 2003 har innringarane oppgitt gevinstautomatar som det store problemet. I 81 prosent av alle samtalar i 2004, er automatane nemnde som årsak til speleproblemet.

63 prosent av dei som ringjer inn første gongen oppgir at dei har psykiske problem som angst og depresjon. Rundt 8 prosent av innringarane oppga i 2004 at dei har hatt sjølvordstankar, eller gjort forsøk på sjølvord.



Det er Lotteritilsynet som har resultatansvaret og ansvaret for marknadsføringa av tiltaket. I samband med ei innsamlinga av materiale til til evalueringsrapporten, fekk vi mange positive tilbakemeldingar frå helsevesenet. Behandlarar la stor vekt på Hjelpelinja si rolle som formidlar av informasjon om kvar menneske kan få profesjonell behandling. Ein behandlar av speleavhengige sa det slik: «At Hjelpelinja har reddet liv, er hevet over tvil». Slike tilbakemeldingar overtyder oss om at Hjelpelinja er viktig. Det same meiner overordna styringsorgan, dei speleavhengige sjølve og deira pårørande.



Ei viktig oppgåve framover vil vere å marknadsføre Hjelpelinja sine tilbod. Mellom anna held vi fram samarbeidet med eigarane av gevinstautomatar om at dei set opp klistrelappar med informasjon om Hjelpelinja på alle automatane. Vi vil og aktivt marknadsføre Hjelpelinja i ymse media. I tillegg vil vi arbeide for at det skal bli gratis å ringe 800 800 40 også frå mobiltelefon. I dag er Hjelpelinja eit gratistilbod berre for dei som nyttar fasttelefon.

## Internasjonale møtepunkt



Lotteritilsyna frå Finland, Island, Sverige, Norge og Danmark møttest på Island i april.

Internett har revolusjonert speleaverda. Med eit tastetrykk kan folk få tilgang på eit enormt tilbod av pengespel og lotteri. Pengespel kjenner ingen landegrensar, noko som er ei utfordring for styresmakter over heile verda. Difor er det viktig at vi som er sett til å forvalte eit lovverk deltek aktivt i informasjonsutveksling og kunnskapsbygging om den internasjonale utviklinga på spel- og lotteriområdet.

I juni 2004 var Lotteritilsynet vertskap for den årlege samlinga for regulatoriske styresmakter i Europa (GREF). Desse samlingane har som føremål at nasjonane rapporterer og informerer om aktuelle utviklingstrekk på pengespelområdet.

På møtet i Oslo deltok 74 utsendingar frå 23 europeiske land. Hovudtemaet var utviklinga innan EU/EØS-området, og dei prosessane som er på gang med tanke på å komme fram til eit felles lovverk for pengespelområdet blant medlemslanda. I eit framlegg til tenestedirektiv er det inntil vidare

gjort unntak for pengespel, men ei arbeidsgruppe skal komme med ein uttale om harmonisering av lovverket.

Lotteritilsynet har representantar i underutval både i GREF og i den tilsvarande organisasjonen på globalt nivå, IAGR.

Ein viktig internasjonal møteplass for Lotteritilsynet er dei nordiske møta, der tilsyna utvekslar informasjon om «siste nytt». Dei nordiske landa har mykje til felles, med ei nokolunde lik lotteri- og spellovgjeving. Alle landa har nasjonale spelselskap, verna av lovverket, men som dei siste åra har merka presset frå utanlandske aktørar som vil inn på marknaden.

Lotteritilsynet deltok også i 2004 på bransjemesser, og vi har vore representert på fleire konferansar i inn- og utland der speleavhengigheit har vore tema.

► Totalt 5 137 organisasjonar er godkjende av Lotteritilsynet som lotteriverdige, 4 070 av desse for gevinstautomatar. Kvar organisasjon har i dag i snitt 6.4 automatløyve.



Tor Olav Foss, «Lux Eterna».



# Tiltak mot speleavhengigheit

Lotteritilsynet har i 2004 utarbeidd framlegg til ein handlingsplan for å førebyggje speleavhengigheit i Norge. I planen, som vart overlevert statsråd Valgerd Svarstad Haugland i desember, føreslår Lotteritilsynet å setje i verk fleire tiltak for å førebyggje speleavhengigheit og redusere skadeverknadene av overdreve pengespel.

Ein forskingsrapport frå 2003 slo fast at rundt 50.000 menneske i landet har eit problem med pengespel, og for mange har problema utvikla seg til sjukeleg avhengigheit. Ein annan rapport har slått fast at opp mot 20.000 tenåringar i Norge har pengespelproblem. Dei aller fleste oppgir gevinstautomatane som årsaka. Ut frå ei brei politisk semje om at det er behov for å ta speleavhengigheit som eit sosialt og helsemessig problem meir på alvor, fekk Lotteritilsynet i september 2003 eit mandat frå Kultur- og kyrkjedepartementet om å utarbeide handlingsplanen.

Tiltaka i planen har tre hovudmål: For det første er det viktig at *kunnskapsgrunnlaget* om pengespel og pengespelproblem blir betre. Eit viktig tiltak her er å etablere og setje i verk ein forskingsplan. Vidare er systematisk innhenting av data frå pengespelmarknaden, og om utviklinga av pengespelproblema i befolkninga, viktige tiltak.

For det andre er det viktig å setje i verk tiltak for at *færre skal utvikle* pengespelproblem. I dette ligg mellom anna at tilgjenge til, og marknadsføringa av, pengespel skal avgrensast og det bør innførast 18-årsgrense for risikospel. Spelereglar og regelverk bør korrigerast i forhold til risikoelement, og det bør utviklast målretta informasjonstiltak.



Direktør Atle Hamar overleverer framlegget til handlingsplan til statsråd Valgerd Svarstad Haugland.



Underdirektør Anniken Støylen i Lotteritilsynet har leia arbeidet med framlegget til ein handlingsplan mot speleavhengigheit.

Det tredje hovudmålet i framlegget til handlingsplan er å etablere tiltak for å *reducere skadeomfanget* av pengespelproblem. Her blir det gjort framlegg om å utvikle kurs og informasjon for yrkesgrupper i arbeidslivet som kjem i kontakt med problemspelarar. Vidare blir det føreslege å styrke rådgjevingstenesta i sosialsekstoren for at menneske med spelegjeld kan få betre hjelp, og at

tilsette i barne- og ungdomspsykiatrien må få auka kompetanse på speleproblem. I tillegg føreslår ein at lett tilgjengelege tilbod som frivillege støttegrupper skal få økonomisk drahjelp, slik at omfanget og kvaliteten på desse tilboda blir auka. I handlingsplanen blir det og peika på verdien av at kontakttelefonen for speleavhengige, Hjelpelinja, blir permanent.

Tiltaka i planen er tenkt finansiert med inntil 0,5 prosent av det årlege tippeoverskotet frå Norsk Tipping.

Lotteritilsynet sitt arbeid med planen er gjennomført i samarbeid med Helse- og sosialdirektoratet. Fagfolk frå forskingsmiljø og behandlingsapparatet, i tillegg til representantar frå dei speleavhengige og deira pårørande, har kome med innspel til planen gjennom ei referansegruppe.

Framlegget til «Handlingsplan for forebygging av spilleavhengighet og reduksjon av skadevirkninger fra overdrevent pengespill» skal leggast fram for Regjeringa tidleg i 2005. På [www.lottstift.no](http://www.lottstift.no) finn du framlegget til handlingsplan i sin heilskap.



Faksimile av framlegget til handlingsplan.

▀▀ Ved årsskiftet er 277 entreprenører godkjente av Lotteritilsynet for drift av automatar og bingo i Norge.



*Kristi Ylvisaker, «Dal».*

# Ulovlege pyramidar, eller lovleg nettverkssal?

2004 var nok eit år med tungt fokus i media på framveksten av pyramideliknande selskap. Også Lotteritilsynet opplevde ein kraftig pågang frå publikum og presse, der spørsmåla handla om korvidt slike selskap opererer i strid med norsk lov. Lotteritilsynet har åtvare publikum mot å gå inn i alle selskap der kjøp av medlemsposisjonar, provisjon og verving er sentrale føresetnader.

Heilt sidan 1939 har pyramidespel vore forbode ved lov i Norge. I Lotterilova, §16, blir det slått fast at «*pyramidespill, lykkjekjeder, kjedeforretninger eller liknende tiltak hvor penger eller andre verdier omsettes etter hvert innenfor en ubestemt krets av personer*» er forbode.

Utfordringa for styresmaktene er at mange av dei internettbaserte selskapa som kan likne på reine, ulovlege pyramidar, også driv med lovleg omsetnad av varer og tenester.

Kort fortalt så skil ikkje dagens lovverk tydeleg nok mellom det som kan definerast som legal omsetnad av varer i eit nettverk på den eine sida, og ulovleg, provisjonsbasert medlemsverving utan omsetnad av reelle verdiar, på den andre sida. Lotteritilsynet har peika på behovet for eit klarare regelverk på dette feltet, heilt sidan selskapet Alpha Club i 2001 fekk medhald i klageorganet Lotterinemnda. Lotteritilsynet meinte å kunne dokumentere at omsetnaden av varer og tenester i selskapet var minimal i forhold til sal av medlemskap og distributørpakkar, som for dette selskapet utgjorde over 60 millionar kroner. Klageorganet fann likevel ikkje at Alpha Club opererte i strid med Lotterilova.

Lotteritilsynet har etter avgjerda i Lotterinemnda likevel meldt ein del selskap til politiet, men påtalemakta har lagt dei fleste sakene bort av prioritetsgrunnar. Det er svært ressurskrevjande å få innsyn i den reelle aktiviteten i mange pyramideliknande selskap. Selskapa opererer på Internett, og dei er ofte registrerte i, og drifta frå, andre land. Berre unntaksvis er slike selskap registrerte med forretningsadresse og leing i Norge.

To gonger i 2004 søkte Lotteritilsynet t.d. selskapet World Games Inc. om å få vere observatør på medlemsmøta deira i Oslo, men fekk avslag. Dette er eit døme på utfordringa forvaltninga har med å få innsyn i aktivitetane i slike selskap.

I påvente av at EU-parlamentet skal vedta felles lovreglar på pyramideområdet for alle EU/EØS-landa, har Lotteritilsynet i 2004 ikkje gitt dette området topp prioritet. Det er heller ikkje tatt formelle skritt mot selskap og deltakarar som kan mistenkjast for å drive i strid med lova. I staden har vi aktivt oppmoda folk, som kan vere frista av utsiktene til lettente pengar, om sjølve å ta ansvar. Vi har åtvare mot å investere pengar i system som kun gir rikdom til dei på toppen. Spesielt nytta vi høvet til dette i media i sambandet med samanbrotet, konkursen og svindelletterforskninga i selskapet T5PC.

Like før årsskiftet varsla statsråd Valgerd Svarstad Haugland at arbeidet med å styrke lovverket blir intensivert, slik at dei varsla, felles EU-reglane raskt kan takast inn i det norske lovverket i 2005. Det er venta at EU-direktivet med forbod mot urimeleg handelspraksis overfor forbrukarane blir vedteke i EU-parlamentet i mars 2005, og at ei lovendring bygt på dette direktivet kan bli behandla i Stortinget i vårsesjonen.

Med dette på plass vonar vi at vi som forvaltingsorgan vil vere betre i stand til å kome ulovleg pyramideverkssemnd til livs.

# Uavklart om gevinstautomatar

2004 var prega av uro kring stortingsvedtaket om å gi Norsk Tipping einerett til drift av gevinstautomatar. Intensjonen med reforma var å prøve å få kontroll med ein bransje i eksplosiv vekst, der fleire og fleire menneske fekk problem med uheldig speleåtfærd. Arbeidet med å førebu overgangen til det nye automatregimet kravde tunge ressursar i Lotteritilsynet i 2004.



Nokre av dei som behandla rundt 2000 kompensasjonssøknader i 2004. Bak frå venstre rådgjevar Jan Eriksen, rådgjevar Johnny Indrekvam Gustavsen, seniorkonsulent Hege Sørbotten og førstekonsulent Anne Sofie Lutro. Framme, frå venstre, sekretær Britt Gundersen og førstesekretær Berit Ullebø Nedberge.

Den private automatbransjen har sidan Stortinget gjorde vedtaket, sommaren 2003, hevda at innføring av monopol frå 2005 ville vere i strid med EØS-avtalen. Bransjen førte i 2004 saka inn både for det norske rettsapparatet og for organet som skal passe på at EFTA-landa ikkje bryt avtalen. Oslo tingrett ga i oktober 2004 bransjen medhald i at einerettsmodellen er i strid med EØS-avtalen. Staten anka saka inn for lagmannsretten, som venteleg vil behandle anken sommaren 2005.

Ei rettsavgjerd i Borgarting lagmannsrett i november 2004 ga bransjen medhald i at automatane kan vere i drift inntil endeleg dom ligg føre. Regjeringa har difor opna opp for å forlenga oppstillingsløyva for dei private gevinstautomatane til 30.juni 2005. Lagmannsretten avgjorde på same tid at Norsk Tipping ikkje kunne

starte utplassinga av sine nye automatar før ankesaka avklarar om vedtaket fatta av det norske storting er i samsvar med EØS-lovverket eller ikkje.

Lotteritilsynet brukte i 2004 store ressursar på å førebu overgangen frå det private automatregimet til automatdrift i regi av Norsk Tipping. Utfordringa var å avvikle rundt 17.500 oppstilte gevinstautomatar, som frå 1. januar 2005 ville vere ulovlege. Lotteritilsynet var gjennom året i fleire møte med automateigarane for å få til eit samarbeid om denne omfattande operasjonen. Bransjen viste vilje til å medverke til dette. Eit samarbeid med politidistrikta var og etablert for å sikre gode kontrollrutinar for å hindre at ulovleg, oppstilte automatar framleis vart spelte på i 2005.

» Lotterinemnda behandlar klager på vedtak gjort av Lotteritilsynet. I 2004 fekk 87 klager medhald i nemnda, 59 klager fekk ikkje medhald.

I tillegg var det Lotteritilsynet si oppgåve å sørge for at lotteriverdige organisasjonar, som har nytt godt av overskotet frå automatdrifta, fekk det økonomiske vederlaget som Stortinget vedtok dei skulle ha fordi dei ikkje ville få automatinntekter i 2005. (Dei nye automatane frå Norsk Tipping ville ikkje løyse ut pengar for organisasjonene før i 2006). Vi fekk inn over 2000 søknader frå organisasjonar som hadde krav på vederlag, og kvar og ein av desse søknadene vart individuelt behandla. Potten som var sett av til fordeling var på nærare 1 milliard kroner. Arbeidet var fullført og eit foreløpig varsel om tildeling av pengar var sendt ut, då saka kom opp for rettsapparatet og førebels enda opp som omtalt. Som ei fylgje av utviklinga av saka vart naturleg nok ikkje vederlag til organisasjonane betalt ut.

Automatsaka utvikla seg altså i ei retning som ikkje var i samsvar med norske styresmakter sin intensjon. Heile einerettsvedtaket var motivert ut frå ein klar, politisk målsetnad: Det måtte takast eit grep for å stanse ei uheldig utvikling. Dei negative, sosiale verknadene av automatspel har kome til overflata i takt med at omsetnaden på gevinstautomatane har auka kraftig år for år. (sjå omsetnadssstatistikken annan stad i årsmeldinga).

Fleire og fleire menneske har fått alvorlege helseproblem som fylgje av unormal speleåtfærd. Rundt 50.000 menneske i Norge har problem med pengespel, mange av desse er diagnostiserte som sjukeleg speleavhengige, viste ein rapport publisert i 2003. Undersøkingar, og data frå telefontenesta Hjelpelinja, har og eintydig konkludert med at det er dei omtalte gevinstautomatane som er dei mest avhengigheitskapande. Dette er automatane som i dag er utplasserte i det offentlege rommet. Grepet var altså å gi Norsk Tipping ansvaret med å drifte

langt færre og andre typar automatane enn dagens for å prøve å få bukt med eit aukande helseproblem.

Rettsapparatet har altså endå ikkje sagt endeleg dom i denne saka. Men ein lågare rettsinstans i Norge, og overvaksingsorganet til EFTA-landa, har altså kome til at å gi Norsk Tipping einerett på drift av gevinstautomatar er i strid med to artiklar i EØS-avtalen, artikkel 31 om fri etableringsrett og artikkel 36 om fri flyt av tenester.

Uansett kva som måtte bli den endelege avgjerda for domstolane, så er på det rene at det blir ei eller anna form for regulering av automatbransjen i framtida. Det er klart uttalt frå regjeringa.

**Utplassering av Norsk Tipping sine automatane er utsett inntil vidare.**



►► Lotteritilsynet har ansvar for typegodkjenning av automatar. 136 automattypar er nå godkjende. Vi samarbeider med testinstituttet GLI Europe B.V. i Nederland om dette.



Odd Nerdrum, «Dråpe».

## Rekneskapen for

Det var god balanse i rekneskapen til Lotteritilsynet også i 2004. Med eit samla forbruk på 54,8 millionar kroner heldt vi oss innanfor dei rammene som var stilte til disposisjon. Løn utgjorde 40,5 prosent medan varer og tenester utgjorde 59,5 prosent av samla forbruk.

Driftsbudsjettet for 2004 var på 54,3 millionar kroner. I tillegg kom lønsrefusjonar på 1,8 millionar kroner. Vi fekk då, med eit forbruk på 54,8 millionar kroner, eit netto mindreforbruk som vert søkt overført til 2005.

Forbruket på løn har auka år for år gjennom oppbyggingsperioden for Lotteritilsynet, men ei viss utflating har det vore i 2004. Faste stillingar utgjer 16,2 millionar kroner, medan mellombelse stillingar, inklusive lærlingar, utgjer 2,3 millionar kroner.

Overtidsforbruket greidde vi å redusere med om lag 30 prosent i høve til nivået dei to føregåande åra. Ein del av reduksjonen hadde samanheng med omlegging av kontrollturnusen for personellet som kontrollerer spela til Norsk Tipping. Overtida utgjorde samla om lag to årsverk.

Når det gjeld varer og tenester, så er det nokre faste tenestekjøp som heilt sidan starten i 2004 har stått sentralt i høve til oppgåvene og arbeidsmåten vår. Difor har vi også i 2004 hatt relativt omfattande tenestekjøp frå Brønnøysundregistra (2,81 millionar kroner) og Statens innkrevjingsentral (4,31 millionar kroner). Dette gjeld høvesvis drift og utvikling av Lotteriregisteret og innkrevjing av gebyr. Vidare er tilskot til drifta av Hjelpelinja for speleavhengige ved Sykehuset Innlandet HF (650 000

kroner) utbetalt frå vårt driftsbudsjett. ErgoSolutions AS er leverandør av IT-tenester knytt til utvikling og tilpassing av kontrollsystema for spela ved Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Desse tenestekjøpa var i 2004 på 4,64 millionar kroner.

Desse tenestekjøpa utgjorde samla 38 prosent av forbruket på varer og tenester i 2004.

Det har også i 2004 blitt investert ein del i IT-utstyr, anna kontorutstyr som mellom anna kopimaskiner og dessutan oppgradering av systemløysingar.

Samla forbruk på reiser var på 4,56 millionar kroner, 743 000 kroner meir enn året før. Den utøvande kontrollen stod for 36 prosent av totalen.

Etter avtale med departementet vart det brukt 498 000 kroner til investeringar for å etablere Avdeling for stiftelsar frå januar 2005.

Inntektsposten for lotterigebyr vart etter oppjustering med 10 millionar kroner i nysalderinga hausten 2004, budsjettert til 56,22 millionar kroner. Det vart ei mindreinntekt på 684 000 kroner i høve til inntektsmålet. Inntektene i 2004 gjeld gebyr for oppstilling av speleautomatar, godkjenning av lotteriverdige formål, autorisasjon av entreprenørar og lokalinnehavarar og typegodkjenning av speleautomatar. Gebyr for oppstilling av gevinstautomatar er med 51 millionar kroner i 2004 den klart største komponenten på inntektsida. I tillegg til gebyrinntektene kravde vi inn årsgebyr frå Norsk Tipping og Norsk rikstoto på til saman 9,9 millionar kroner.

Lotteritilsynet er såleis fullt ut inntektsfinansiert.

Det er politiet si sakshandsaming som utløyer gebyra for autorisasjon av lokalinnehavar og for oppstilling av automatar. I 2004 summerte desse gebyrinntektene seg til 54,6 millionar kroner. Dette utgjorde heile 82 prosent av dei totale gebyr- og refusjonsinntektene til Lotteritilsynet.

I samband med etableringa av Senter for statleg økonomistyring (SSØ) avvika vi i året som gjekk det gode samarbeidet vi har hatt med Skattefuten i Sogn og Fjordane på løns- og rekneskapstenester. SSØ Region Tromsø er no leverandør av desse tenestene.

Internt har vi jobba vidare med å innføre balansert målstyring som styringsverktøy, og vi er ved årsskiftet klare til å ta dette i bruk i praksis.

### Utgifter Lotteritilsynet

Kap. 0305, Post 01 Driftsutgifter		
Løyving *	kr	54 275 000
Rekneskap	kr	54 785 000
Meirutgift	kr	510 000

\*) I tillegg kjem lønsrefusjonar som følgje av fødselspermisjonar og sjuke-meldingar, til saman 1,8 millionar kroner. Det er såleis eit reelt netto mindreforbruk på driftsbudsjettet.

### Inntekter frå spel og lotteri

Kap. 3305, Post 02 Gebyr		
Løyving	kr	56 220 000
Rekneskap	kr	55 536 000
Mindreinntekt	kr	684 000

Kap. 3305, Post 03 Refusjonar		
Løyving	kr	9 909 000
Rekneskap	kr	10 566 000
Meirinntekt	kr	657 000

### Årsverk

Per 31.12.2004 hadde Lotteritilsynet 47 fast tilsette og 4 engasjement. Tabellen under syner arbeidsstyrken i 2004 omrekna i årsverk.

	Kvinner	Menn	Sum
Direktør, Stab og Administrativ avdeling	12,2	4,8	17,0
Juridisk avdeling	4,9	4,5	9,4
Teknisk avdeling	8,2	16,0	24,2
Sum	25,3	25,3	50,6

► Både Lotteritilsynet og Økokrim åtvara i 2004 folk mot å la seg lure av brev og e-postar frå utanlandske «lotteri», der budskapen var at folk hadde vunne store pengesummar utan å ha teke lodd. Denne svindelen er kjenne-teikna ved at «gevinsten» blir utbetalt dersom «vinnaren» betalar inn eit slags gebyr.



*Frøydís Lunde, «Stort raudt landskap».*



# Kjønnsbalanse

## Lotteritilsynet disponerer 50 årsverk. I rekrutteringsarbeidet har vi vore bevisste på å oppnå jamn kjønnsfordeling.

Utførte årsverk i 2004 viser at dette har gitt resultat. Fordelinga mellom kvinner og menn var nøyaktig lik med 25,3 på begge. Det er litt fleire mannlege enn kvinnelege leiarar, men også her er det ei bra fordeling. I rådgjevarstillingane er det ei relativt klar overvekt av menn, mens kvinnene er i tilsvarande klart fleirtal i sakshandsamarstillingane.

Blant avdelingane i tilsynet er teknisk avdeling størst med 24 faste stillingar, som utgjør vel halvparten av dei faste. Kontrollseksjonen i Førde og Seksjon Hamar inngår her.

Administrativ avdeling, direktør og stab har til saman 30 prosent av stillingane. Juridisk avdeling har 19 prosent.

Snittalderen i tilsynet er like i underkant av 40 år. Juridisk avdeling har lågast snittalder. Elles er snittalderen 7,6 år lågare for menn enn for kvinner i alle avdelingar.

Det har heilt sidan etableringa av Lotteritilsynet i 2001 vore nødvendig å nytte ein del engasjement fordi oppgåvene våre har vore i stadig endring, og fordi arbeidspresset har vore stort på ulike område i periodar. Gjennom 2004 var det 13 personar som var innom i mellombelse stillingar, men ikkje på same tid. Medrekna er 2 lærlingar som vi har i kontorfaget og på IT-sida.


I løpet av 2004 var 8 medarbeidarar ute i svangerskaps-, fødsels-, omsorgs- eller adopsjonspermisjon.

Vi har hatt 4 medarbeidarar i reduserte stillingar i året som gjekk, men alle desse disponerer i utgangspunktet heile stillingar.

Sjukefråværet var 4,3 prosent, noko som tilsvarar 2,3 årsverk i 2004. Dette var ein liten auke i høve til året før. Nokre lengre sjukemeldingar gav utslag.



Lærlingane representerer kjønnsbalansen i Lotteritilsynet i 2004. Linn Beate F. Kleiva (19) frå Naustdal er lærling i kontorfaget, medan Bjørnar H. Eidem (18) frå Askvoll er lærling i IKT, driftsfag.



## Ny oppgåve frå 2005



Foto: Olav Øygard

Stiftelsesavdelinga blir leia av avdelingsdirektør Finn Sørhus, som er jurist og rekruttert frå Sparebanken Midt Norge.

**I februar avgjorde Justisdepartementet å samlokalisere det nyoppretta Stiftelsestilsynet med Lotteritilsynet frå 1. januar 2005, med Atle Hamar som felles direktør. Den nye stiftelsesavdelinga har i startfasen to tilsette, men skal i takt med auka oppgåver ha inntil 10 tilsette.**

Dei rundt 9.000 stiftelsane i Norge har tidlegare vore underlagt offentleg kontroll gjennom fylkesmannsembeta. Den nye stiftelseslova, som Stortinget vedtok i 2001, innebar oppretting av eit sentralisert organ for å styrke tilsynet og den offentlege kontrollen av stiftelsane. Stiftelsar har ingen eigarar, og er dermed ikkje underlagt eigarkontroll. Det er såleis behov for at ein frittstående instans fører tilsyn med at stiftelsane blir forvalta i samsvar med vedtektene, lovverket og forskriftene. Det er difor eit mål at vi skal bidra til å styrkje samfunnet si tiltru og tillit til stiftelsar som selskapsform.

Ei anna viktig rolle for avdelinga blir å rettleie opprettarane av stiftelsar om juridiske og rettslege spørsmål. Namnet på det nye tilsynet er Lotteri- og stiftelsestilsynet frå 1. januar 2005.



**Lotteri- og stiftelsestilsynet**

Slik ser den ut, den nye logoen til Lotteri- og stiftelsestilsynet.

# Kunsten i årsmeldinga

Lotteritilsynet ynskjer å skape eit triveleg arbeidsmiljø for dei tilsette, og å presentere tilsynet på ein innbydande måte for besøkjande. Difor kjøper vi kvart år inn kunst som kan pryde korridorveggar, møterom og kontor. Kunstverka som er avfotograferte i denne årsmeldinga er kjøpt inn i 2004.





*Tor Olav Foss, «Alkymistens skog».*

  
**LOTTERITILSYNET**

Postboks 800 • 6805 Førde  
Telefon 57 82 80 00 • Telefax 57 82 80 80  
[postmottak@lotteritilsynet.no](mailto:postmottak@lotteritilsynet.no)